

920755070

## SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE

**Mobilnummer**

917 31 491

**E-postadresse**

claus.sellevoll@gmail.com

**Kontonummer** \*\*\*\* \* 87631

**Vedtaksdato**

08.12.2020

**Vedtaket er gjort av**

Alver kommune

**Søknadsdato**

04.09.2020

**Vår referanse**

2020/15095, Agros 136389

### Vedtak om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – gjerding av kulturbeite på Gbnr 147/3.

---

#### Samandrag:

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 58 000 kroner i tilskot til SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE til gjerding av kulturbeite på Gbnr 147/3.. Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 15.12.2023.

---

Alver kommune viser til søknad av 04.09.2020.

#### Bakgrunn i saka

SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 04.09.2020. Du søker om totalt 70 500 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.01.2021-01.06.2021. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 141 000 kroner.

Søker ønskjer å rydde 10 daa av einer og lauvskog og gjerde inn eit området i Veneset. Området ligg eit par hundre meter frå fylkesvegen med sjøgrense til Radsundet. Inngjerdinga er på ca 1200 meter (inkl beiteinndeling) med trykkimpregnert staur og gjerdenot.

#### Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskriften) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket § 2 og § 3 eller § 4.

Tilskot kan også gis til eigar av landbrukseigedom dersom det går føre seg ein produksjon på landbrukseigedom som oppfyller vilkåra for tilskot etter forskrifta som nemnt over. Om du sjølv ikkje eig landbrukseigedom til tiltaket skal gjennomførast på, må det ligge føre løyve frå eigar til gjennomføring av prosjekt eller tiltak som nemnt i SMIL-forskrifta § 4 og § 5.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal

også først journal over korleis plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Føremålet med prosjektet er å opna opp kulturlandskapet og å auka beitepresset.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldlova(NML) §§8-12,JF.§7. Administrasjonen har gjennomgått artskart,naturbase og etter ei samla vurdering kome fram til at tiltaket som er omsøkt ikkje er i konflikt med prinsippa i §§8-12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket er i tråd med SMIL -ordninga sitt føremål,jf.forskrift om spesielle miljøtiltak i landbruket §1.Tiltaket er også prioritert i kommunen sin SMIL -strategi.

Administrasjonen meiner at tiltaket er godt og vil bidra til å utvikla kulturlandskap gjennom aktivt beiting.

Administrasjonen har gitt tilskot til både gjerding og rydding. Årsaka er at det er vanskeleg å gjerda teigen på ein anna måte, og på flyfoto ser det ut som denne har vore god beitemark tidlegare.

Godkjent kostnadsoverslag :(kommunen bruker standarsats for tilskot pr løpemeter gjerde)

<b>Tiltak</b>	<b>Beløp</b>
Rydding 10 daa*1500 kr	15000
Gjerding 1200 meter *80 kr/m	96000
Grinder 5 stk	5000
Sum	116000
Tilskotssats 50 %	
Tilskot kr	<b>58000</b>

Alver kommune har vedtatt å innvilge opptil 58 000 kroner i tilskot.

### **Vilkår for tilskotet**

Frist for å gjennomføre tiltaket og rapportere er 15.12.2023. Dersom du ikkje overheld fristen, fell tilskotet vekk.

Innvilging av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent etter anna regelverk, som til dømes plan- og bygningslova, kulturminnelova, naturmangfaldlova, vassressurslova eller forureiningsforskrifta. Du må sjølv skaffe deg slikt løyve dersom det trengs, og dette må du gjere før du går i gang med tiltaket du no har fått tilskot til.

- Frist for gjennomføringa av tiltaka er sett til inntil tre år frå tildeling.

-Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil to år ut frå skriftleg grunngjeving,seinast ein månad før oppsett frist går ut.

- Gjerde skal vera permanent med notegard, toppstreng og bendsletråd.

- Området skal nyttast til beite/ og eller slått i minimum 10 år frå løyving.

- Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket

## **Rapportering og utbetaling**

Når tiltaket er gjennomført, må du sende inn dokumentasjon på at tiltaket er gjennomført etter dei vilkåra som er sett i dette brevet. Du skal rapportere om måloppnåing og bruken av tilskottet slik rapporteringsskjemaet angir.

-Del- eller sluttrapportering av prosjektet gjøres via saken din på altinn. Du finner også skjema med link til altinn på landbruksdirektoratet sine hjemmesider.

-Husk å ta bilder og dokumenter prosjektet underveis, samt ta vare på kvitteringer og før timelister for arbeidet som blir gjort.

Alver kommune betaler ut det innvilga tilskottet etter at du skriftleg har bedt om det, og når vi har godkjent rapport og sluttregneskapen for prosjektet eller tiltaket. Du kan be om utbetaling digitalt via Altinn.

For eitt-årige eller mindre prosjekt skal utbetalinga som hovudregel skje etter at prosjektet er avslutta. For fleirårige tilskot kan det vere aktuelt å betale ut delar undervegs i prosjektperioden. Delar av tilskottet kan utbetalast etter kvart som du godtgjer framdrift i gjennomføring av tiltaket og vi har godkjend rapporteringa. Minst 25 prosent av tilskottet blir halde attende til tiltaket er fullført og sluttrapporteringa er godkjend.

Landbruksdirektoratet sitt rapporteringsskjema for eingongstiltak/investeringstiltak skal fyllast ut og leggst ved når du ber om del- og sluttutbetaling. [Bruk denne malen](#)

Godkjent kostnadsoverslag for tiltaket er 116 000 kroner. Utbetalt tilskot kan ikkje overstige 50 % av godkjende kostnader for å utføre tiltaket. Dersom kostnaden for å utføre tiltaket er lågare enn godkjent kostnadsoverslag kan tilskotsbeløpet bli justert ned.

## **Kontroll**

Kommunen, fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan gjere kontroll etter SMIL-forskrifta § 9.

## **Omgjering, tilbakebetaling og motrekning**

Vedtak om innvilga tilskot kan bli gjort om og utbetalt tilskot kan bli kravd betalt tilbake etter SMIL-forskrifta § 10 dersom det blir avdekka tilhøve som er i strid med det som er føresett ved innvilging av tilskottet.

## **Klagerett**

Du kan klage på dette vedtaket til Fylkesmannen i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Fylkesmannen i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

## **Meir informasjon**

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing  
for Alver kommune

Saksbehandla av: Roba Al Serhan

Godkjend av: Kjartan Nyhammer